

ÅRSMELDING 2013 VENER AV MJØSVÅGEN

Framlegg til årsmøtet 7.4.2014

Vener av Mjøsvågen har 26 (31) betalende medlemmer, både grunneigarar, brukarar og andre interesserte.

2013 var eit aktivt og godt år for Vener av Mjøsvågen med stor og god aktivitet, ikkje minst med bakgrunn i at me fekk støtte våren 2011 som 3-årig livOGLyst-prosjekt og har kunna halde fram engasjementet av kulturvitar Åse Nilssen som prosjektleiar. Det er Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge som står bak livOGLyst-programmet. I tillegg yter Regionalt næringsfond for Osterfjord støtte til livOGLyst i Hosanger.

Me hadde årsmøtet 28.5.2013 Det har vore 2 **styremøte** etter årsmøtet; den 26.11.13 og rett før årsmøtet i 2014. Styret har oppnemnd følgjande representantar for Vener av Mjøsvågen i styringsgruppa for **livOGLyst i Hosanger**: Lars Mjøs (leiar) og Veslemøy Gullachsen. Jostein Førre representerer Osterøy kommune. Grendarådet har ikkje oppnemnd ny representant. Det har vore 2 møte i denne **styringsgruppa** sidan sist årsmøte; 5.11.2013 og 7.4.2014.

Vener av Mjøsvågen vart i 2011 teke opp som 3-årig-prosjekt i **livOGLyst**. Dette utgjør ein viktig del av aktiviteten i venelaget.

Me var heldige som på ny kunne engasjere **Åse Nilssen** som **prosjektleiar**. For sjølve livOGLyst-prosjektet er det utarbeidd arbeidsplanar mm og me viser til desse.

Våren 2013 laga Mjøsvågen Mat AS til flott **kjøkkeninnreising i kafeen** med m.a. komfyr, avtrekk og oppvaskmaskin og vinteren 2014 er denne supplert med skåp på nordveggen med m.a. fryseskåp og ekstra steikeovn. Takk for stor og flott innsats.

Med opptente pengar frå den første kafedrifta vart det i 2013 installert **glasskyvedør** i portopninga. Dette har gjort lokalet mykje lunare og ein kan ta inn naturen sjølv om det er kaldt.

Frå og med sommaren 2014 har Vener av Mjøsvågen drive kafeen i eigen regi basert på cateringtenester frå Mjøsvågen Mat AS. Frivillige har stått for servering, noko som har gitt eit flott bidrag til økonomien. Takk til alle og for at de ikkje vr vanskelege å be.

I kafeen har me i 2013 hatt ei omsetning på heile nesten kr 255.000. Av dette har ca kr 42.000 vore til selskap/ slutta lag.

Program for songen 2013:

I 2013 utvida me sommarsesongen frå 25.5. til 8.9.2013! Fast opningstid var sundagar kl 15.00 - 18.00 (Kafeen opna kl 14.00 frå og med 14.7.13). Det var også ope nokre laurdagar; den første er laurdag 25. mai 2013 med sesongopning. Me har også hatt open kafe for fredagsmiddag nokre gongar hausten 2013. Og i førjulstida har me marknad.

Avsparkskonferanse for LivOGLyst Hordaland 25. -26.1.2013; Osterøy - Fjordslottet hotell - Mjøsvågen, meir info

Sesongopning laurdag 25. mai 2013

Markakunsten har i år tema: "Den sagnomsuste naturen". Meir info Kl 12.00; avmarsj frå Mjø Metall med guide. Kl 13.00 inst i Kossdalen; opningsseremoni ved Eli Janette Fosso frå Fylkesmannen/LivOGLyst. Musikkinnslag.

Gallerihuset; kl 15.00: opning av utstilling av Erling Valtyrson, MEZZOTINT (25.5. - 23.6.). Opning ved multikunstnar Marvin Halleraker (kjend m.a. som illustratør i BT).

Mjøsvågen kafe ope frå kl 12.00 til godt etter konserten; innviing av nytt kjøkken og ny standard med skikkeleg servise

"Historisk kvilerom" i Gallerihuset (kl 15.00 - 18.00)
"Kisteutstilling" på målarloftet i kisteverkstad (kl 15.00 - 18.00)

Norlenderloftet; sal av ullprodukt i kisteverkstad (kl 15.00 - 18.00)

Treskoverkstad; omvising og sal av tresko (kl 15.00 - 18.00)

Konsert i Mjøsvågen kafe kl 19.00. Multikunstnar og musikar Marvin Halleraker med Dag Øyvind Rebnord på tangentar og Halvor Folgerø på. Intim sommarkonsert med melankolsk og lun stemning. Billettar: Kan tingast hjå Aksel Mjøs, aksel@mjos.no
Mobil: 970 88 529, eller i døra. Pris kr. 200.

Utstillingsopning i Mjøsvågen kafe søndag 9. juni 2013 kl 15.15
Eirik Hunnes, foto (9.6. - 21.7.)

Konsert i Mjøsvågen kafe søndag 16. juni 2013
kl 18.00. Markus&Lid
Billetter kr 150,-

Quiz i Mjøsvågen kafe søndag 7. juni 2013 kl 18.00

Utstillingsopning i Galleri Mjøsvågen søndag 30. juni 2013 kl 15.00
Ida Helland-Hansen, tekstil (30.6. - 28.7.)

Allsong i Mjøsvågen kafe søndag 21. juli 2013
kl 17.00-18.00

Utstillingsopning i Mjøsvågen kafe søndag 28. juli 2013 kl 15.15
Solvor Fjellby, foto

Utstillingsopning søndag 4. august 2013
Utstillingsopning i Hosanger kyrkje kl 13.00
Åse Eriksen, vev (Ope kvar søndag i perioden 4.8. - 8.9. kl 15.00-19.00)
Konsert i kyrkja kvar søndag i utstillingsperioden kl 18.00-18.30, søndag 25. august vert det musikk gudsteneste.
Utstillingsopning i Galleri Mjøsvågen kl 15.00
Roger Gjerstad, bilete m.m.
Konsert i kyrkja kl 18.00-18.30

Foredrag: "Min kunst og mine metoder" torsdag 8. august 2013
Åse Eriksen i Hosanger kyrkje kl 19.00
Roger Gjerstad i Galleri Mjøsvågen kl 20.00

Orgelkonsert i Hosanger kyrkje søndag 11.8.2013 kl 18.00
Per inge Hove

Konsert i Hosanger kyrkje søndag 18.8.2013 kl 18.00
Helge Riise med elevar frå kulturskulen.

Mjøsdalsdagane laurdag 24. august og søndag 25. august 2013
Aktivitatar rundt nausta og kaien.

Laurdag 24. august.
Kl. 12-14: Fiskekonkurransen. Frå land eller frå båt.
Oppmøte på kaien.
Påmelding kr. 50,-/familiar kr. 100,- Premie for minst og størst fisk og størst samla fangst.

Aktivitatar på kaien frå kl. 13:
- Rebusløp for born. Løys oppgåver "i full fart" kr. 20,-
- Mjøsvåg-meister i hestekokasting 2013 Klassar:

born, dame og herre. kr. 20,-
pr runde
- Kl. 13-15: Kunst/formingsverstad for born. Teikning/maling/bruskork-skulpturer. kr. 25,-
- Kl. 15: Utklednings-stafett. Premiering: beste tid og "Best in show" 4 etappar. Kr. 50/lag
- Kl. 15:30: Duathlon for born. Løp & Sykling. Kr. 20
- Torgboder/ Bondens Marknad på kaien.

- Salg av grillmat, kaffi og brus på kaien.
- Brørvikskuto ligg til kai og alle er velkomne om bord. Sjå Brørvikskuto si heimeside.

Kl. 13-18: Mjøsvågen Kafè, Galleri Mjøsvågen, Norlenderloftet, Treskoverksten og Hosanger kyrkje har ope.

Kl. 21: Pubkveld med levande musikk i Mjøsdalen Ungdomshus.
Kr. 100 Musikk ved Eilev Husebø.

Sundag 25. august, "Sundag i Mjøsvågen" Kl. 15 – 18.

- Middag, kaffi og kaker i Mjøsvågen kafè. Foto/salgsutstilling ved Solvor Fjellby, Roger Gjerstad, salgsutstilling i Galleri Mjøsvågen, Sal av strikkeplagg på Norlenderloftet, Treskoverksten og kisteutstilling.
- Hosanger kyrkje, kl. 18-19. Utstilling med Åse Eriksen sine fargeglade tekstiler.
- Kl. 18: Musikk gudsteneste.

Arr. Mjøsdalen Grendaråd.

Konsert i Hosanger kyrkje søndag 1.9.2013 kl 18.00
Osterøy Spel- og dansarleg.

Konsert i Hosanger kyrkje søndag 8. 9. 2013 kl 18.00
Koret Cantus frå Dale i Sunnfjord

Fredag 4.10.2013
Frå kl 17.00 Fredagsmiddag i Mjøsvågen kafe
Else og Kari serverer raspeballar og dessert (kr 150,- + kr 50,-)

Kl 20.00 Konsert med Møhlenpris spelemannslag
Silje Solberg og Davide Bertolini spelar vakker folkemusikk saman på hardingfele og kontrabass.
Billettsal ved inngangen

VELKOMEN TIL FØRJULSDAGAR I MJØSVÅGEN med mat, kunst og handverk!
Laurdag 30.11. og søndag 1.12.2013 kl 15.00 - 18.00
Laurdag 7.12. og søndag 8.12.2013 kl 15.00 - 18.00

JULEGRANTENNING søndag 1. desember. Frammøte på kaien kl. 18. Sal av faklar og felles fakkeltog til grana. Kanskje nissen kjem og? :-)
Fellessang i kyrkja etter tenninga.

GALLERI: "Missing pieces", små bilder solgt rett frå vegg. Av Arttiles, to danske kunstnarar. Sjå plakaten.

GALLERIBUTIKK: Sal av kunst og handverk. Trykk av AUGON JOHNSEN, pilfletting av NINA BERGE LÅSTAD, smykkedesign av CATHRINE BYSHEIM, toving av ANNE LIV STOREVIK, keramikk av LUCIE ELLINGSEN, kransar av BENTE HOLMEDAL, barneklær av GØYE BARNEKLÆR, ullarbeid av ELSE KARIN TYSSE BYSHEIM.
TRESKOVERKSTAD: Sal av TRESKO.

KAFE: Sal av kaffi, kaffimat og heimalaga etande julegåver (bl.a. flatbrød, geitost, honning, syltetøy mm.)

Osterøy kunstlag leigar **Skjæringahuset** til galleri i sommarsesongen og til ulike aktivitetar elles.

Foldar for Mjøsvågen for 2013 vart laga i A5-format med 12 sider og var laga av Siren Bysheim i samarbeid med vår prosjektleiar. Me tok også inn 4 annonsørar i foldaren.

Vener av Mjøsvågen er i 2013 innmeld i **Bergen reiselivslag** og prosjektleiar Åse Nilssen har lagt til rette informasjon som er tilgjengeleg via reiselivslaget sine nettsider. Medlemskapen kostar kr 3.750 og marknadsføring kr 5.250.

Toalettbygget vårt i Mjøsvågen fungerer godt, men elektronikken kan «skape seg» ved stor trafikk i både kafe (gråvatntømming) og på toalett. Privat forskottering på nærare kr 38.000 i samband med oppføring av toalettbygget er i 2013 betalt ut.

Vener av Mjøsvågen har ei **heimeside**, **www.mjøsvågen.no**, som vert oppdatert av Lars Mjøs. Osterøy kunstlag informerer gjennom heimesida **www.gallerimjøsvagen.no**.

Facebook er blitt nytta for å reklamere for

Mjøsvågen.
Galleri Mjøsvågen har eigen Facebook-profil som vert oppdatert av Siren Bysheim.

Søknader som er innvilga (utover livOGLyst i Hosanger inkludert ekstratilskott):

Osterøy kunstlag har fått tilsegn om tilskott på kr 100.000 i kulturmidlar frå Hordaland fylkeskommune til prosjektet «**Den sagnomsuste naturen**» i samband med markaukt i Kossdalen.

Også på vegne av Mjøsdalen idrettslag har me søkt om midlar til **turløyperegistrering og merking/skilting** og har fått innvilga kr 50.000. Idrettslaget skal gjere mykje av jobben; me skal dekkje Kossdalen.

Prosjektleiar Åse Nilssen har søkt ei rekkje tilskottsordninga, m.a. for støtte til **transskribering av intervju** som er gjort med eldre i bygda. Noko midlar er innvilga og arbeidet er starta opp.

Treskokarane har sett av kr 10.000 til utarbeiding av ei næringssove for Mjøsvågen. Det er aktuelt å gjere dette som ein del av LivOGLyst-prosjektet. Me har starta ein dialog med Geir Kleiveland/Osterøy sogelag om bistand og eit samarbeid.

Fleire tilsegn??

Vener av Mjøsvågen har fått ein del god **medieomtale**, m.a:
Bygdanytt den 28.5.2013: Eventyrleg i Mjøsvågen

Styret har vore slik samansett:

Lars Mjøs, styreleiar
Cathrine Bysheim, nestleiar (har flytta og ønskjer avløyning)
Veslemøy Gullachsen, skrivar
Kjell Mjøs
Inge Rune Fanebust
Varamedlemer:
Mette Rude
Kari L Mjøs
Aslaug Lønsethagen med Else Røsland som reserve

Aslaug Lønsethagen er kasserar. Lars Mjøs har ført rekneskapen.
Lars Magne Bysheim, revisor